

Haust / vinter 2004

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Innmelding av basargevinstar	31.	august	Styret
Musikkbasar	31.	oktober	Styret
Kyrkjekonsert	14.	nov	Styret
Julekonsert Måløy	?.	des	Styret
Juletreffest	28.	des.	Styret
Temakonsert	8.	jan.	Komite
Temakonsert	22.	jan.	Komite

Det var tider det

Tur til Ålborg 1994. Det er ti år sidan korpset hadde sin første tur til utlandet. Veka i Danmark vart minnerik og triveleg. Framme



Tilbakeblikk

f.v.:
Terje, Bjørn
Vidar, Audun,
Silje, Sigrid,
Arne, Arne,
Erling, Anita,
Dianne, Trude,
Hege, Britt,
Hilde, Lindis,
Anita, Ivar,
Johan, Kåre,
Idar, Petter,
Asbjørn, John
Inge, Tor Age,
John, Jan
Magne.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss

Vassrett:

1. Enorm
2. Ha det hyggelig
3. En gulfarge

Loddrett:

1. Bentøy
2. Stjal
3. Røke
4. Gjør klar

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 7

11. årgang

Laussal: Gratis

August 2004

Har du lyst har du lov



Har du lyst å bli med i Torskangerpoll Musikklag? Vi har plass til nye musikantar. Gjer som Gun-Tove og Katrin, som begge øver mykje heime. Snakk med rekrutteringssjef Terje. Han svarar på spørsmål, og hjelper til med det meste: tlf 91570578

www.torskangerpoll.no

Triveleg grillfest

Vårsesongen vart avslutta med ein triveleg grillfest på Vikabu i Torskangerpoll fredag 18. juni. Her var det grilling, mimring, underhaldning og konkurransar. Bulandsfilmen, med mange morsomme scener og hemningslaus latter, var verdt å sjå. Ut i dei små timane pjaska folk seg so smått heim att og tok ferie etter avslutninga på nok ein grei vårsesong i korpset. Hepp hepp.



Dei flittigaste

Det var stor stas då dei flittigaste til å møte opp på øvingar siste året skulle kårast. Terje, Johanne og John er dei tre som har vore på flest øvingar sidan i fjor sommar. Og premien er sjølvsaft kvar sin pakke med fargerik og nydelige Non-stopp.



Info frå styret

Musikkutvalet har jobba godt og har hatt fleire møter med Harald Oppedal i spissen. Dei håpar på å få orden i notekaoset.

- Nye notemapper: Det er bestemt å kjøpe inn 35 nye matte notemapper. Det vil bli to marsjmapper, ei konsertmappe med litt vanskelegare marsjar, og ei mappe med lettare marsjerings-notar. Det vil bli to mapper med notar.

Den eine med notar vi brukar i år, og ei anna med tidlegare notar. Denne vil ligge lagra i Frelsesarmèen, slik at vi kan ta denne fram dersom vi treng.

- Notearkivet: Musikkutvalet har og planar om å få orden i notearkivet og oppdatere dette. Det har vore slurva litt med dette dei siste åra. Det blir og kjøpt inn ein arkivboks på hjul for å ha i dei notane vi brukar kvar øving. Dette for å redusere tidstapet det tar for å leite etter notar på øvingane. Dette vil føre til litt meir effektivitet på øvingane. Terje Våge ordnar dei innkjøpa som musikkutvalet oppfordrar til.

Vi har nådd ei smertegrense når det gjeld besetning. Enkelte grupper er tynt bemanna. I tillegg har vi mista eit althorn og ein euphonium. Vi treng sårt fleire medlem. Noko må gjerast. Vi må rekruttere fleire. Få



med seg folk frå Holvik, sette opp plakat på vidaregåande eller setje annonse i avisa. Alle medlemmane må sjølve prate med folk og ta kontakt med aktuelle kandidatar. Vi har eit par stykker som kan vere aktuelle i fra Holvik skulekorps, i tillegg har Terje kanskje nokon som er aktuelle i aspirantgruppa han instruerer. Han skal uansett ha på seg spesial-brillene å jakte på aktuelle. Dette arbeidet må vi ta fatt i framover. Styret tar ansvar for dette.

